



Norge universelt utformet 2025

K1 Nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming i fylker og kommuner

Sluttrapport prosjekt K1 tiltaket 2013

Innledning

Prosjektnavn: **Tryggleik og tilgjenge for ungdom på Stord**

Startdato: 01.06.2013

Sluttdato: 30.06.2014

Hovudansvarleg søker: Stord kommune

Bakgrunn for prosjektet:

Stord kommune har over mange år planlagt med tanke på universell utforming, men har ikkje før dette prosjektet tatt omsyn til at dei som skal bruke dei universelle områda også skal føle seg trygge. I dette ligg blant anna førebygging av kriminalitet. Ungdom på Stord har i ulike organ formidla at dei føler seg utrygge ein del stadar og at dei ynskjer seg uformelle stadar der ein opplev tryggleik.

Bakgrunn for prosjektet er at Stord kommune tar ungdommen sin vurderingar på alvor, og er einige i at det er for mange utrygge stadar og for få uformelle treffstadar for ungdom.

Ungdom har identifisert moglege møteplassar, men dei er utilgjengelige grunna dei ikkje er lagt fysisk til rette eller det er utrygt å gå eller opphalde seg på møteplassen.

Ein anna faktor som også var med å påverka er at Stord kommune har fokus på folkehelse, og ser at fysisk aktivitet blant ungdom reduserast når unge blir kjørt eller tar buss korte strekningar grunna mangel på lys eller anna vedlikehald. Bakgrunn for at vi laga plan om å inkludera ungdom til å delta aktivt i prosjektet for å betre tryggleik og tilgjenge er at Stord kommune har eit aktivt Ungdomsråd og engasjerte ungdommar. Vi har gjennom heile prosjektet hatt 3 aktive deltakarar frå Ungdomsrådet som fullverdige medlemar av prosjektgruppa, og Ungdomsrådet har fungert som styringsgruppe.

Samarbeidspartnarar:

Ungdomsrådet Stord kommune, Hordaland Fylkeskommune, K1 nettverket, KRÅS – Justisdepartementet.

Det har også vore samarbeid med prosjekt «Gangbar tettstad», eit prosjekt som har sin bakgrunn i Hordaland Fylkeskommune sin miljøplan, og med mål om å kartlegge tilgjenge i Leirvik og på grunnlag av kartlegging lage tiltak for betre tilgjenge. Stord kommune har også eit samarbeid med Kriminalforbyggande råd (Kråd), og har mottatt kr 25 000 for å starte kartlegging av utrygge stadar. Vi har gjennomført tryggleiksvandring i sentrum samt at Ungdomsrådet og prosjektgruppa har gjennomført kartlegging i to andre bydelar.

Tilsette i Stord kommune som har samarbeida om prosjektet:

Prosjektgruppa: SLT-koordinator Terje Eriksen, Einingsleiar Aktivitet og rehabilitering Astrid Larsen, Prosjektleiar Olav K Sævareid, Utekontakt og koordinator for Ungdomsrådet Cecilie Berger og tre representantar frå Stord Ungdomsråd: Arja Myhre, Anna Sofie Ekeland Valvatne og Svein Sandvold.

I tillegg har vi samarbeida med Veg og grønt-avdeling og avdeling for Regulering, byggesak og oppmåling.

Effektmål pr. målgruppe:

Effekt for ungdom:

Ungdom deltar aktivt i samfunnslivet.

Ungdom har uformelle møteplassar som er tilrettelagt fysisk slik at alle kan delta og opplevast som trygge.

Ungdom har fridom til å gå og sykle der dei ynskjer.

Kriminalitet og uønskete hendingar blant ungdom er redusert.

Effektmål for alle som ferdast i og omkring dei 3 bydelane:

Betre folkehelse ved at innbygarane ser kvarandre og snakkar saman, det er kontakt mellom generasjonar og det er gode og tilgjengelige møteplassar

Folk på Stord har fått ein helsegevinst ved å gå eller sykle meir.

Ungdom og andre vel vekk biltransport til fordel for å gå eller sykle, får meir fysisk aktivitet og gevinst i form av betre helse.

Resultatmål:

Ein uformell møtestad i kvar bydel som er fysisk tilrettelagt og opplevast som trygg.

Dette skal me oppnå ved å:

- ✓ Involvere og mobilisere ungdom.
- ✓ Kartlegge utrygge og lite tilgjengelige stader.
- ✓ Utarbeide ein tiltaksplan
- ✓ Gjennomføre eit tiltak i kvar bydel

Oppnådde resultat

Vi har i løpet av prosjektperioden hatt 10 møter i prosjektgruppa, gjennomført tryggleiksvandring i sentrum, kartegging i bydelar, høyring av elevråd med innspel frå alle ungdomsskulane, og heile prosjektgruppa har deltatt på felles kurs i lyssetting samt på konferansen om Universell Utforming på Hamar. Ungdomsrådet har også gjennomført faste møter kvar måned, og dei har då hatt fokus på prosjektet. Ungdomsrådet har som styringsgruppe hatt ansvar for å til slutt bestemme kva tiltak vi velger å satse på.

I forhold til resultatmål er vi svært nøgd med resultata av prosjektet. Etter at kartlegginga var ferdig, prioriterte prosjektgruppa tre tiltak for kvar bydel. Ungdomsrådet valgte til slutt et tiltak for kvar bydel med mål om at prosjektgruppa samen med aktuelle samarbeidsintansar ville utføre endringar som ville føre til tryggare og meir tilgjengelege område for ungdom og då andre.

Tidleg i prosjektperioden gjennomførte me ein Tryggleiksvandring i sentrum. Tryggleiksvandring er ein metode for å skape eit tryggare nærmiljø og den er enkel å gjennomføre. I ein tryggleiksvandring oppdagar man ofte ting som man elles ikkje tenkjer på. Ein lærer seg noko nytt om det miljøet ein befinn seg i til dagleg. Tryggleiksvandringar bidrar til at fleire er med å påverke arbeidet for eit betre og tryggare utemiljø. Det er fleire mål med tryggleiksvandringa, blant anna det å avdekke behov for fysisk endringar (lys, rekkverk, tilgjenge) men også å skape ein felles forståing for ansvaret for å førebyggje vold og anna kriminalitet. Det er også eit ledd i å etterkome endringar i plan- og bygningsloven frå 2009, som pålegg kommune og fylker å ta kriminalitetsførebyggande hensyn i sine planprosesser. Vandringa fører også til til mennesker kjem saman og diskuterer viktige spørsmål.

Ungdomsrådet deltok på vandringa saman med blant anna representantar frå politi, brannsjef, Ordførar, SLT-koordinator, Utekontakt, Natteravn, prosjektmedarbeidarane samt media (lokalavis).

Prosjektgruppa hadde på førehand laga ei rute vi skulle gå etter, og denne ruta fekk deltakarane utdelt markert på kart. Vandringa blei gjennomført ved at alle gjekk saman etter avtalt rute, og representantar frå ulike «etatar» kom med synspunkt på ulike utfordringar langs ruta. Etter vandringa hadde vi eit oppsummeringsmøte ved Rådhuset.

Tryggleiksvandring i sentrum





For område Leirvik prioriterte Ungdomsrådet tiltak frå eit av punkt etter tryggleiksvandringa.

Område Leirvik

- «Bak Narvesen», snarveg til kaien
- Høge kantar og rekkverk utan ende
- Mørkt
- Vegetasjon




Dette område er eigd av private aktørar, og prosjektgruppa har gjennomført eit informasjonsmøte med aktuelle huseigarar. I dette møte presenterte vi våre funn frå tryggleiksvandringa og kom med forslag om utbedringar både i form av betre lys, nytt rekkverk samt betre vedlikehald av vegetasjon. Huseigar sin respons var svært positiv, og dei lova å starte med utbedringar straks, og var positiv til meir samarbeid om behov.



Område Sagvåg/ Litlabø

- Gangveg ved Tjødnalio skule
- Ca 200 meter gangveg/ sti utan lys
- Mykje brukt av skuleborn og andre utanom skuletid



Utbedringane for område Sagvåg/Litlabø var å lyse opp ein gangveg mellom eit byggefelt og Tjødnalio barneskule. Dette er ein veg som blir brukt kvar dag både når barn skal til skulen samt aktivitetar utanom skuletid. Etter møte med ulike representantar frå skulen (rektor, elveråd, FAU) kom det fram at dei har jobba med å få lys på denne vegen i over ti år. Det vil bli oppstart på arbeidet med å sette opp lys i juni 2014, slik at når mørket kjem til hausten vil elevane sleppe å ha med seg lommelykt på skulevegen.



Område Nordbygdo

- Gangveg mellom Hystad skule og Nordbygdo ungdomsskule
- Mykje brukt gangveg
- Born, ungdom, vaksne
- Lite belysning
- Tett vegetasjon



Utbedringane for tiltaket i denne bydelen er ikkje starta p.t, men Ungdomsrådet skal saman med kvalifiserte personale frå kommunen sjølv rydde vegetasjon. Vi har ikkje midlar til å sette opp fleire lysmaster her, men vi er i dialog med Sunnhordland Kraftlag for ein eventuell sponning til dette.

Vi er nøgde med at vi har klart å kome i mål med prosjektet, og meiner vi med dette har utført tiltak for gjer tre stadar på Stord meir universelt utforma. Ungdomsrådet i Stord kommune er eit aktiv råd, og dei har markert seg i media ved fleire høve i løpet av prosjektperioden.

Proessen har vert lærerik for prosjektmedarbeidarar og ungdommane, Ungdomsrådet har fått kunnskap dei klarar å dra nytte av. Samarbeid mellom ungdom og tilsette i Stord kommune har blant anna ført til breiare diskusjonar, som igjen fører til at kompetansen aukar for begge partar. Vi meiner fleire kommunar bør involvera ungdom i diverse planarbeid, for engasjerte ungdommar er ein ressurs.

Prosess

Vi har i løpet av prosjektperioden hatt 10 møter i prosjektgruppa, og også deltatt på fleire konferansar. I startfasa var kartlegging og innhenting av informasjon ein sentral del av

arbeidet, og vi nytta også metoden ”tryggleiksvandring”. Vi hadde god erfaring med denne, og arbeidet vårt på denne måten også omtale i media.

Ungdomsrådet har jobba saman med elevråda på skulane, og i dette høve blei leiinga ved dei ulike skulane kontakta pr brev med informasjon om prosjektet.

Det at det har vert mogleg for alle elevane å kome med innspel, meiner me er ein kvalitetssikring av kartlegginga. Ungdomsrådet er nøgd med denne breie tilnærminga, sjølv om det var ei ressurskrevande oppgåve.

Utføringa av tiltaka er det i hovudsak andre instansar som skal gjennomføra, men vi skal passe på at dette blir fylgt opp.

Økonomi

Vi fekk kr 250000 i prosjektmidlar frå MD. Som det kjem fram av sluttrekneskapet under har vi klart å prioritere meir til direkte tiltak enn først budsjettert. Vi er nøgd med at vi har oppfylt alle måla for prosjektet, og vi bruker ca kr 80000 direkte på tiltak (lys til gangveg).

SLUTTREKNESKAP PROSJEKT TILGJENGE OG TRYGGLEIK FOR UNGDOM PÅ STORD									
Utgiftar					Budsjett			Rekneskap	
Prosjektlear 20 % stilling i 12 månader					140000			130000	
Kartlegging tilgjenge					5000			0	
Preie kunnskap om tiltak og metode					4000			3970	
Deltaking på seminar i Hamar oktober 13					30000			28890	
Fysiske tiltak, pilot og modell - prøve ut metode					60000			80140	
Andre driftsutgifter					11000			7000	
Til sammen				kr	250000			250000	

Organisering

Prosjekteier i kommunen: Kommunalsjef Knut Johannes Gram

Prosjektleder: Olav K Sævareid

Prosjektmedarbeidere: 3 medlemmar av Ungdomsrådet;
Arja Myhre
Svein Sandvold
Anna Ekeland Valvatne
Terje Eriksen, SLT koordinator
Cecilie Berger, utekontakt
Astrid Larsen, prosjektleiar

Andre bidragsytere og samarbeidspartnere:

Merete Hageberg, RBO avdeling
Sylve Rusten, Friluftsansvarleg
Harald Oddvar Sæbø, fagsjef KF
Tjødnalio Skule
Hystad Skule

Styringsgruppe:

Ungdomsrådet i Stord Kommune